



Kyr på beite i nærleiken av Agnavika.

Utlånt av Bjørg Rolvsvåg.

Symjetur for å koma på sumarbeite

av Arvid Stanghelle

Dei tre gardsbruka på Stanghelle hadde til saman omlag 20 kyr, medrekna ungdyr. Kvar vår og sumar skulle desse på beite på andre sida av Vågen. Dit kunne dei koma på to måtar, antan måtte dei ta den lange omvegen om Helle og Hellestræ, men den kortaste og lettaste vegen var at dei symde over Vågen. Starten for denne symjeturen var i nærleiken av nauset vårt i Mjelkevika, rett nedanfor der som John Ove Thaulle no har hytta si. For dåtida var denne startplassen såpass viktig at den er høgtideleg nedskriven i utskiftningsdokument frå 1911.

Det var alltid godt kjent når denne hendinga skulle gå føre seg og det samla seg bra med tilskuarar på bergknausen rett åvafor startplassen. Millom dei karane som hadde ansvaret for å få alle desse kyrne velberga over Vågen var alltid stemninga noko oppøst, det stod mykje på spel. Så var det då om og gjera å få nokon av dei eldste og mest vande dyra til å leggja til å symja,

gjekk det bra så fylgde dei andre stort sett etter. Likevel hende det at ungdyr fann på å snu og då måtte mannskapet som var i båtar få desse på rett veg att. Det var alltid eit par båtar med på denne operasjonen. Eg har aldri høyrte om at nokon av dyra har drukna under overfarten, det gjekk bra. Når kyrne vel var kome i land på jernbanesida rista dei seg så vassspruten stod og så måtte dei gå over jernbanelina, opp ein liten sti, gjennom ei NSB jernbanegrind og så var dei trygge. Beitet strakte seg frå Idlasundlia til Tettaneset og Åsen. Beitelandet var mange stadar overgrodd av krattskog og brake så jur og spenar kunne verta såre og måtte smyrjast. Beste plassen var i Tettaneset. På dette beitet gjekk heile buskapen nokre veker vår og haust, om sumaren var dei på fjellet. Symjeturnen kunne difor verta opptil fire gonger i året.

Når det det altfor kaldt i vatnet måtte turen leggjast om Hellestræ og Helle, den var både meir tidkrevjande og arbeidskrevjande for under store deler av den turen måtte dyra påsetjast grime og leiast i band.

Eg er nok den siste attlevande som har vore med som mannskap på den her omtala symjeturnen og likeeins turen som gjekk den lange omvegen til lands.



Beiteområdet, Veafjorden i bakgrunnen.

Utlånt av Bjørg Rolvsvåg.